



Meland kommune

Meland Idrettsråd
c/o Bjørn Tore Hesjedal Markavegen 2M
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2528 - 17/20570

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

18.10.2017

Gjeldande etablering av Idrettspris for unge utøvarar i Meland kommune

Bakgrunn

I sak om Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland, KS-46/2017, bad Kommunestyret «...rådmannen om å fremme sak om idrettspris for unge utøvarar for Utval for levekår».

Musikk- og kulturprisen har som formål å «...anerkjenne unge utøvarar for innsats, framdrift og innhald ved kunst- og kulturutøvinga si, og gi dei merksemd ved eit heidersteikn, som viser at innsatsen og arbeidet deira vert sett pris på.»

Følgjande retningsliner for tildelinga vart oppretta:

Prisen skal vere eit heidersteikn, som anerkjenner unge utøvarar busett i Meland og som viser stor innsats, framdrift og kvalitet i kunst- og kulturutøvinga si.

Prisen vert delt ut ein gong i året, til ein utøvar kvart år. Utøvaren må vere frå 13 til 19 år i tildelingsåret.

Nominasjonar kan sendast gjennom året til kommunen frå lag, organisasjonar og Meland kulturskule.

Aktuelle kulturuttrykk er musikk, dans, scenekunst, litteratur, biletkunst, kunsthåndverk, film/media og som kulturarrangør.

Innstilling vert gitt av eit fagpanel sett saman av ein person frå kvar av: Meland ungdomsråd, Meland kulturskule og Tenesteområde kultur. Fagpanelet bør innhente råd frå relevante lag og organisasjonar, som til dømes musikklag, skulekorps, revylag eller litterære lag. Avgjerd skjer i Utval for levekår.

Idrettspris for unge utøvarar i Meland kommune

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Musikk- og kulturprisen har eit formål om å vise heider til unge menneske for innsatsen deira. Dette vert vurdert til å vere overførbart til idretten.

Det vert med dette brev invitert til dialog om saka, og eg håpar Meland idrettsråd har i første omgang høve til å komme med tilbakemelding på følgjande:

1. Korleis ser Meland idrettsråd på oppretting av ein idrettspris for unge utøvarar, på generelt grunnlag.
2. Er formålet for Musikk- og kulturprisen overførbart, eller bør ein tilsvarande pris for idretten sin del ha eit anna formål.

Send gjerne tilbakemelding direkte til kulturavdelinga, helst innan 3.11.2017.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Meland Idrettsråd

c/o Bjørn Tore 5918
Hesjedal
Markavegen 2M

FREKHAUG